



KONTROLLUTVALET I LINDÅS KOMMUNE MØTEUSKRIFT

Møte: 30. oktober 2014 kl. 09.00 – 12.00
Stad: Rådhuset
Tilstades: Øystein Reidar Moldeklev (leiar), Odd Leif Mjøs (nestleiar), Anna K. Valle, og Kåre Østrem – var for Rolf Henning Hegland
Forfall: Rolf Henning Hegland og Unni Andersen Sæbø
Innkalla: Rådmann Ørjan Raknes Forthun, assisterande rådmann Hogne Haugsdal, einingsleiar Tor Hegle og plansjef Arnold Matre og byggesak til sak 39/14
Frå revisjonen: Kari Gåsemyr
Sekretær: Bent Gunnar Næss

36/14 Godkjenning av innkalling og saksliste

Samrøystes vedtak:

Innkalling og saksliste vart godkjent.

37/14 Godkjenning av møteutskrift frå sist møte

Samrøystes vedtak:

Møteutskrift frå møte 02.09.14 vart godkjent.

38/14 Skriv og meldingar

- Kommunestyret si handsaming av «Forvaltningsrevisjon brannstasjon i Lindås kommune» - sak 068/14
- Formannskapet – sak 073/14 – «Juridisk gjennomgang av saker knytt til Foss Utviklingsselskap AS
- Kommunen sin forlenging av revisjonsavtalen

Rådmann orienterte om at som følge av forvaltningsrevisjonsrapporten er der satt i gong eit arbeid med å få vedteke retningslinjer for prosjektstyring. Dei vil bli vedteke av kommunestyret i løpet av november.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tok skriv og meldingar til etterretning.

39/14 Forvaltningsrevisjonsrapport – Plan og bygg

Sakstilfang: Forvaltningsrevisjonsrapport – Plan og bygg

Samandrag av rapporten og revisjonen sine forslag til tiltak:

Gjennomføring av forvaltningsrevisjonen

I denne forvaltningsrevisjonen har revisjonen undersøkt og vurdert korleis Lindås kommune har følgd opp dei utfordringane som blei avdekket i



forvaltningsrevisjonsprosjektet om plan og bygg i Lindås kommune i 2009/2010. Det var også eit føremål med prosjektet å undersøke korleis søkjarar i byggesaker blir møtt av kommunen (servicenivå), korleis samhandlinga mellom ulike avdelingar i kommunen fungerer knytt til plan- og byggesakshandsaminga, og korleis politiske vedtak blir følgt opp.

Revisjonen har gjennomgått dokumentasjon i form av statistikk frå KOSTRA og interne rutinar, kvalitetssystem mv. Det er gjennomført intervju med til saman 23 personar. Dette inkluderer konstituert rådmann, leiinga ved Areal og miljø, leiar for Plan- og miljøutvalet og kommunen sin representant for barn og unge i plansaker. I tillegg er representantar for andre kommunale einingar og/eller interne høyringsinstansar intervjuja, og det er gjennomført telefonintervju med tre profesjonelle søkjarar og planfremjarar i kommunen og ti tiltakshavarar som ikkje er profesjonelle søkjarar.

Revisjonen tilrår at Lindås kommune gjennomfører følgjande tiltak:

På bakgrunn av dei funn og vurderingar som går fram av rapporten, vil revisjonen tilrå at Lindås kommune:

1. Utfører følgjande rutineutviklingsarbeid:
 - a. Gjennomfører systematiske og risikobaserte vurderingar av kva rutinar Arealplan har behov for
 - b. Utarbeider skriftlege rutinar for innkrevjing av gebyr og berekning av gebyr ved overskriding av frist i plansaker
 - c. Utarbeider skriftlege rutinar for samhandling mellom Byggesak og Arealplan og andre einingar i kommunen
 - d. Gjennomgår og eventuelt oppdaterer skriftlege rutinar for vurdering av habilitet
 - e. Utarbeider skriftlege rutinar for utarbeiding og kvalitetssikring av politiske saksframlegg
 - f. Utarbeider skriftlege rutinar som viser kven som har kva oppgåver i høve til oppfølging av politiske vedtak
2. Etablerer eit system som sikrar jamleg og planmessig kompetansehevande tiltak for personell som arbeider med plan- og byggesakshandsaming
3. Gjennomfører systematiske risikovurderingar av arbeidsprosessane knytt til plan- og byggesakshandsaminga og set i verk eventuelle tiltak i høve til dei funn og vurderingar som blir gjort
4. Utbetrar informasjonen knytt til plan- og byggesaksprosessar på kommunen sine nettsider slik at den blir lett til tilgjengelig for publikum
5. Vurderer kva tiltak som kan bidra til å betre dialogen med søkjarar i byggesaker og vurderer å etablere ei ordning som gjer det lettare for søkjarane å snakke med sakshandsamar om eiga byggesak
6. Sikrar at lovpålagt fristar knytt til handsaming av plan- og byggesaker blir halde i samsvar med plan- og bygningslova §21-7 og §12-11



7. Sikrar at all arkivverdig dokumentasjon i plansaker blir forsvarleg arkivert, jf. Arkivlova §1
8. Utarbeider rettleiing for sakshandsamarar i høve til korleis dei kan gå frå for å avtale utsett frist i samband med 1.gongshandsaming av plansaker
9. Utarbeider oversikt eller statistikk over klagesaker
10. Etablerer eit system som sikrar at kommunen har oversikt over tidsbruk i klagesaker og sikrar at fristen på åtte veker blir halde, jf. Byggesaksforskrifta §7-1.
11. Oppdaterer brevmalane knytt til byggesaker slik at alle relevante høyringsinstansar er inkluderte
12. Klargjer rolle og oppgåver for barn og unge sin representant i kommunen og legg til rette for at oppgåvene blir gjennomført
13. Etablerer ei samla oversikt over vedtak fatta i politiske organ som viser status i høve til oppfølging.

Rådmann har gitt ein tilbakemelding på rapporten og revisjonen sine tilrådingar.

Rapporten vart presentert i møte av revisjonen.

Rådmann og administrasjon svarte på spørsmål frå kontrollutvalet. Rådmann orienterte mellom anna om at KF kvalitetsutvikling vil bli tatt i bruk. Det vil gi ein oversikt over skriftelege rutinar og kva som eventuelt manglar. Det er også satt i verk tiltak for å sjå på rutinar og kompetanseheving i heile organisasjonen. Det er satt i gong ein prosess på å sjå på arbeidsrutinane og flyten i arbeidet. Det vert nytta LEAN verktøyet. Skal ta utgangspunkt i kunden/brukaren sitt behov. Dette arbeidet pågår. Har som mål å få eit digitalt byggesaksarkiv. Gamle reguleringsplanar gir utfordringar med omsyn til korleis byggesakene skal handsamast.

Kontrollutvalet diskuterte rapporten.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og forslag til tiltak.

Kontrollutvalet vil spesielt peike på følgjande:

- Det er viktig at ein har ein god organisasjonskultur som sikrar at saker og publikum/søkarar blir handsama på ein god måte. Kommunen skal ha ein god brukarservice.
- Nokon av dei same utfordringane og forslag til tiltak som var foreslått i rapporten i 2010 er framleis aktuelle i 2014.
- Kommunen må sikre seg at ein har gode styringsdata slik at ein kan ha god oversikt over tenesteproduksjon.
- Heimesida til kommunen må utviklast slik at informasjonen vert lett tilgjengeleg for publikum og brukarvennleg.



Kontrollutvalet sitt forslag til vedtak i kommunestyret:

Kommunestyret sluttar seg til revisjonen sine konklusjonar og forslag til tiltak. Kommunestyret vil spesielt peike på følgjande:

- Det er viktig at ein har ein god organisasjonskultur som sikrar at saker og publikum/søkarar blir handsama på ein god måte. Kommunen skal ha ein god brukarservice.
- Nokon av dei same utfordringane og forslag til tiltak som var foreslått i rapporten i 2010 er framleis aktuelle i 2014.
- Kommunen må sikre seg at ein har gode styringsdata slik at ein kan ha god oversikt over tenesteproduksjon.
- Heimesida til kommunen må utviklast slik at informasjonen vert lett tilgjengeleg for publikum og brukarvennleg.

40/14 Status for forvaltningsrevisjon refusjonar og tilskott og selskapskontroll Lindås Tomteselskap AS

Revisjonen gav ein status for dei to prosjekta:

- Forvaltningsrevisjon av refusjonar og tilskott
Oppstarten av prosjektet er utsatt, slik at rapporten vil vere ferdigstilt i slutten av mars 2015.
- Selskapskontroll Lindås Tomteselskap AS
Føl tidsplanen, tek sikte på å ha rapporten klar til avtalt tid 31.12.14.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet tok orienteringa til etterretning

41/14 Budsjett for kontrollutvalet for 2015

Kontrollutvalet diskuterte behovet for midlar til sitt arbeid i 2014. Etter ei total vurdering kom ein fram til følgjande forslag:

	Budsjett 2013 vedteke av kommunest 13.12.12	Budsjett 2014 vedteke av kommunest 19.12.13	Budsjett 2015 - forslag kontrollutvalet
Rekneskapsrevisjon	165 000	165 000	165 000
Forvaltningsrevisjon	453 000	478 000	478 000
Sekretariat kontrollutvalet	142 000	142 000	142 000
Drift av kontrollutvalet	165 000	165 000	195 000
Totalt kontrollutvalet	925 000	950 000	980 000

I kontrollutvalet sitt forslag til budsjett er der teke omsyn til at det er vedteke at det i denne perioden er prioritert forvaltningsrevisjon innafor 9 område. Det må derfor takast sikte på å få gjennomført to forvaltningsrevisjonar i 2015. Arbeidet med konkurranseutsetting av revisjon må starte opp tidleg i 2015.



I budsjettet er det også teke omsyn til behovet for å kjøpe inn PC/nettbrett til medlemmene og 1. vara i kontrollutvalet som ikkje har dette som medlem i kommunestyret.

Kontrollutvalet sitt forslag til budsjett skal liggje ved når kommunestyret handsamar budsjettet for 2015. Formannskapet skal også ha kontrollutvalet sitt forslag når dei handsamar budsjettet for 2015.

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet vedtok eit budsjettforslag for 2015 med ei total ramme for kontrollutvalet på 980.000,-.

42/14 Gjennomgang av møteprotokollar frå politiske utval

Samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet hadde ingen merknadar.

43/14 Eventuelt


Neste møte er 09.12.14 kl 09.00.

Saker til neste møte:

- Interimsrevisjon og plan for regnskapsrevisjon
- Revisjon og ny anbudsrunde

Knarvik 30.10.2014


Øystein Reidar Moldeklev, leiar


Bent Gunnar Næss, sekretær